

# Nynorsk i barnehagen – kvifor?

Eli Bjørhusdal og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng

Språket som barna møter i barnehagen, er viktig for språkutviklinga og identitetsutviklinga deira. Måten vi bruker skriftleg og munnleg språk på i ulike situasjonar, er med på å definere kven vi er. Kvar gong vi uttrykkjer oss, utfører vi ei identitetshandling som fortel noko om kven vi er eller ynskjer å vere. Språk står dermed sentralt i identitetsprosjekta våre<sup>1</sup>. Lesekulturen, men også skrivekulturen i barnehagen, set spor i ungane. Både tekstane og den vaksne formidlaren påverkar ungane gjennom dei orda, uttrykka og språklege strukturane som vert brukte. For barnet i barnehagen er det viktig at dei vaksne er bevisste på det språket som møter barna og på dei vaksne si rolle som språklege modellar. Plakaten "Eg elsker språk" løfter fram korleis vi vaksne kan vere synlege og tydelege språklege modellar i barnehagen.



## EG ♥ SPRÅK

ÅTTE INNSPEL FOR EI NYNORSK SPRÅKSTIMULERING

- 1. Samtal med barn om språkbruk og språkleg variasjon.** Barn har mange erfaringar med språkleg variasjon og har nytte av eit vokabular som uttrykkjer denne variasjonen. Lær barna ord som «nynorsk», «bokmål», «tospråkleg», «dialekt», «samisk», «bosnisk», «morsmål» osv. Og bruk orda i samtalar med barna.
- 2. Bruk nynorsk i rutinesituasjonar,** i dei songane og tekstane ein ofte brukar: bordvers, namneleikar, fødselsdagssongar, kalenderdikt, m.m.
- 3. Barnehagebarn lærer nynorsk gjennom øyra** – i høgtlesing, songar, dikt og lydbøker.
- 4. Dialekt er ikkje alltid betre enn nynorsk.** Barn må få møte den nynorske skriftnormalen og det nynorske lydbiletet, slik dei kvar dag møter bokmål. Dei må få høyre ordformer som «eg», «dei», «heim», «hugse», «tenkje», «drøyme», «byrje», «spennande», «tidleg», osv.
- 5. Personalet må oppmuntrast og motiverast til å lese nynorsk høgt.** Hugs: Sjølv om nokon kjenner seg utrygge, så vil det høyrast heilt fint ut for dei som høyrer på.
- 6. Bruk nynorsk skrift på veggen,** til dømes kan det stå «Eg heiter Caroline» på garderobeplassen i staden for berre «Caroline».
- 7. Bruk nynorsk i sjangrar barn brukar når dei teiknar og skriv,** til dømes «Til mamma frå Ola», «Helsing Rutt» og «Eg håpar du har det bra». Og: Gjer dette uavhengig av korleis ungane dikterer.
- 8. Inkluder foreldra.** Dagens pedagogiske og politiske vekt på tidleg språkstimulering er eit godt utgangspunkt for å motivere også foreldre til å tenkje nynorsk språkstimulering, særleg nynorsk høgtlesing.

Ingeborg Mjør

[WWW.NYNORSKSENTERET.NO/BORN/](http://WWW.NYNORSKSENTERET.NO/BORN/)  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLERINGA

KUNSTBILDE © JAM-SJØ

## Leseaktivitetar har ein sentral plass i barnehagen sitt språkarbeid.

Det er fint å fortelje ei barnebok med eigne ord, eller å samtale med ungane med utgangspunkt i boka. Men barn har *også* behov for ei meir skriftnær formidling<sup>ii</sup>. Møte med dei vaksne som språklege formidlarar og modellar understrekar at det er verdifullt for barn å få *lese opp* teksten i boka, meir eller mindre som han står skriven, i staden for at barnehagelæraren gjenfortel med sine formuleringar eller omskaper teksten på anna vis.

Ei lita kvardagsforteljing frå ein barnehage i ein bokmålskommune, viser kva språklege refleksjonar møtet med eit ukjent ord legg til rette for:

Elin og femåringen Martin les i boka "Bomulv"<sup>iii</sup> av Njord Svendsen og Akin Duzakin. Boka handlar om den vesle ulven Bomulv, som ikkje er heilt som dei andre ulvane i flokken. Han reiser gjennom skogen, til den grøne enga på den andre sida, for å finne ein som liknar han sjølv. Elin les: "*Dei andre småulvane lo håst, gliste og viste dei spisse og glinsande tennene sine. Kvar gong dei lo, kjende Bomulv seg meir einsam. Som om det var natt i hjartet.*"

- "Einsam?" spør Martin. "Hva betyr einsam?"  
Elin blar fram til omslaget av boka der det er eit bilete av berre Bomulv .
- "Ja, hva betyr det? Bomulv hadde det ikke så bra".
- "Jeg tror han følte seg alene... men jeg, jeg kaller det for ensom", fortel Martin.

Dette møtet med den skriftnære teksten i boka opna for å samanlikne språkvariantane «einsam» og «ensom» og bidrog til ei utdjuping av ordet for Martin sin del.

Barn utviklar språk i den sosiale og kulturelle samanhengen dei er i. Difor vert det av betydning kva som pregar omgivnadane. Skriftnær høgtlesing, eller å lytte til skriftspråket, kan etablere mønster eller modellar hos barna for korleis dei kan skrive. Skriftspråket i barnebøkene skil seg frå det munnlege kvardagsspråket vårt på ei rekkje måtar. For det fyrste har skriftspråk eit større og meir variert og nyansert ordforråd enn daglegtalet. For det andre har skriftspråket ofte ei litt anna setningsbygging, til dømes færre fyllord og innskot enn det munnlege språket. For det tredje kan bøyingar både i bokmål og nynorsk vere ganske forskjellige frå strukturane i talemåla til barna. Alt dette er språkkunnskap som barna gradvis tileignar seg når dei møter skriftspråk gjennom høgtlesing.

### Erfaringar med både nynorsk og bokmål

Barn får tilgang til meir avanserte ord og grammatiske strukturar ved å få høyre skriftspråket opplese, enn dei gjer i daglegtale. I Noreg har vi to skriftmålsvariantar av norsk. For mange er desse skriftspråka gjensidig forstålege og nokså like, men som kjent har dei likevel noko ulikt ordforråd, ulik rettskriving og ulike grammatiske strukturar.



(Frå boka *Venner* i bokmåls- og nynorskomsetjing. Frå *Gyldendal Norsk Forlag* og *Fortellerforlaget*.)

Fordi dei tidlege møta med skrifta har mykje å seie for barna si identitetsutvikling og kjensle for språk, er det viktig at dei får erfaringar med begge skriftmålsvariantane. Erfaringar med nynorsk er særleg viktig for barn som veks opp i nynorskområde. Bokmål er majoritetsspråket i Noreg, og barn som veks opp både i nynorskområde og bokmålsområde møter i hovudsak bokmål i bøker, på TV og i andre media. Dette er noko barnehagane og kommunane skal vere merksame på. Nynorsk i tidleg alder og over tid kan bidra til at det vert ein naturleg del av språket og kan slik styrke den språklege identiteten til barn og ungdom.

Det er gode grunnar til å velje nynorsk i barnehagar også utanfor nynorskområde. Å styrke kulturelt mangfald er eit sentralt mål i Rammepleanen. Dette vert ofte oppfatta som å vise barna kva for internasjonalt og fleirkulturelt mangfald det er og har vore i Noreg dei siste tiåra. Men barnehagen har òg eit ansvar for å vise kva for kulturelt mangfald den norske kulturen rommar, med to norske skriftspråksvariantar og eit vell av dialekter.

### Språket i kvardagen

Språket i kvardagssituasjonar og i leseaktivitetar er sentralt i barn si språklæring og bidreg i identitetsprosjektet til kvart enkelt barn. I barnehagen skal barna møte breidde og mangfald i det språklege arbeidet, samstundes som dei òg skal møte det skriftspråket som er opplæringspråk i kommunen.

Det å møte eit mangfald i barnehagen på ein naturleg måte vil kunne skape positive hal dningar til språk. Mange familiar er fleispråklege eller har ulike dialekter representert. Barn har erfaringar med språk, og det å bruke omgrepa dialekt, fleispråkleg, bokmål og nynorsk vil gjere ungane meir språkleg bevisste. Barn erfarer at vi brukar ulike ord i ulike dialekter og ulike språk, og jamvel om vi brukar same ordet, kan vi seie det ulikt om vi kjem frå ulike kantar av landet, som i dømet med

Martin. Dette mangfaldet av språk og dialekter er ein ressurs for barnehagen og kan vere eit utgangspunkt for mange viktige språksamtalar. Det er positivt for barna å møte nynorsk i barnehagen og få eit naturleg forhold til målet.

Dei vaksne i barnehagen er viktige formidlarar og rollemodellar. Gjennom å formidle positive haldningar og gjere bevisste språkval kan ein legge eit viktig grunnlag for barna si språklæring. Eit viktig spørsmål å stille seg er dermed: *Kva for* skriftspråk skal vere hovudspråk i barnehagen vår? For dei barna som høyrer til i ein nynorskkommune eller i ein nynorsk skulekrins og skal starte med nynorsk som hovudmål på skulen, vil det vere naturleg og viktig å velje nynorsk. Og sjølv om barnehagar utanfor nynorskkommunane vel bokmål som hovudspråk, kan det vere eit mål å bruke meir nynorsk.

---

<sup>i</sup> Mæhlum, B. (2003). Språk og identitet. I *Språkmøte: innføring i sosiolingvistik*. (2003). Oslo: Cappelen akademiske forlag

<sup>ii</sup> Hoel, T. (2007). Høytlesing – språkbruk i praksis. I: Hoel, T. og L. Helgevold (red.): *Bok i bruk i barnehagen*. Stavanger: Lesesenteret/Universitetet i Stavanger.

<sup>iii</sup> Svendsen, N. og Akin Duzakin, A. (2016) *Bomulv*. Oslo: Samlaget